


# FOND FOR LYD OG BILDE

ÅRSMELDING

**2002**



---

# FOND FOR LYD OG BILDE

---

ÅRSMELDING

2002



## FORORD

Det har på nytt vært et år hvor mange viktige og prinsipielle spørsmål har vært reist – om fondets liv, funksjon og fremtid. I mediene har det for eksempel vært reist spørsmål om hvordan det kan ha seg at en CD som er utgitt med støtte fra Fond for lyd og bilde, kommer med kopisperre. Det er lett å forstå at spørsmålet stilles, men svaret må reflektere en mer komplisert virkelighet.

Fond for lyd og bilde (den gang Norsk kassettagiftsfond) ble i sin tid etablert for å "gi rimelig godtgjørelse til rettighetshavere for den lovlige kopiering til privat bruk som skjer fra videogrammer og fonogrammer, og for å fremme produksjon og formidling av innspillinger i lyd og/eller bilde". Fondet har altså et dobbelt formål – i tillegg til vederlagstanken har det en klar kulturpolitisk målsetting.

Siden fondet ble opprettet har det skjedd mye innenfor teknologisk utvikling. Kassettagiften har falt bort, og kopiering skjer i hovedsak ved hjelp av digitale medier. En ny vederlagsordning som skal sørge for rimelig godtgjøring for lovlig, privat kopiering, er ikke kommet på plass.

I mellomtiden fortsetter fondet sitt virke, som før finansiert over Kultur- og kirkedepartementets budsjett, og med det samme formål og regler som tidligere. Under 7 % av søkerne til fondet får tilskudd til sine prosjekter. Det er altså ingen direkte sammenheng mellom kopieringsmulighet for det enkelte produkt/tiltak som får støtte, og tilskudd fra fondet. Selv om ordningen forutsetter at en kopiering finner sted i et visst omfang, er det ikke slik at den enkelte tilskuddsmottaker plikter å legge til rette for kopiering, og reglene gir heller ingen sanksjonsmulighet dersom kopiering vanskeliggjøres.

\*\*\*

I 2002 ble Telemarksforskings utredning om Fond for lyd og bilde publisert. Formålet med utredningen var å få frem en vurdering av den kulturpolitiske rollen fondet har spilt gjennom årene. Den tar for seg det siste tiåret i fondets virke, med særlig vekt på fondets tildelingspraksis og betydning for de gruppene som har fått støtte. Styret er tilfreds med at rapporten konkluderer med at fondet har hatt stor betydning for tilskuddsmottakerne. Hele 80 % bekrefter at støtten har vært viktig for deres kunstneriske karriere. Støtten har hatt størst betydning for film- og scenekunstheltet og for de smalere musikkjangerene. Det er også grunn til å framheve den positive oppfatningen av fondets forvaltningsmodell. Blant søkerne og fagmiljøene trekkes det frem som positivt at fondet er kunstnerstyrt, at det er tverrfaglig, og at det fremstår som et viktig alternativ til andre støtteordninger.

Blant begrepene som utreder så nærmere på, er "geografisk spredning". Dette kan det også være grunn til å kommentere her, siden utredningen peker på en viss Oslo-dominans i tildelingene. Vi minner om at i søknadsvurderingen kommer hensynet til geografisk spredning inn som et underordnet moment i en totalvurdering, jfr. § 7 i forskrift om Fond for lyd og bilde. En matematisk "korrekt" fordeling er ikke noe mål i seg selv. Når man ser på fordelingen av fondsmidlene, er det derfor viktig samtidig å se på *målgruppene* for fondet, det vil si opphavsmenn, utøvende kunstnere, fonogram- og filmprodusenter og andre rettighetshavere. Dette er en smalere målgruppe enn den som finnes representert i mer allmenn kulturelle og kunstneriske aktiviteter. Det er ikke urimelig at en geografisk konsentrasjon av målgruppene for fondet gjenspeiles i tildelingene.

For styret er det viktig å understreke at tildelingene fra fondet er basert på vurdering av kunstnerisk kvalitet i prosjektene. På grunn av det store spriket mellom søknadssum og de midlene som fondet har til disposisjon, er det likevel svært mange tilskuddsberettigede som må få avslag. Tallene for 2002 viser at dette misforholdet forsterkes. I løpet av året mottok fondet 3 373 søknader med en samlet søknadssum på vel 404 mill. kr. Tildelt beløp over Kultur- og kirkedepartementets budsjett var 25 mill. kr, det vil si en reduksjon på vel 2,5 mill. kr i forhold til 2001, hvor fondet var på 27,5 mill. kr. Årets tildelinger utgjør bare 6,6 % av søknadssummen (2001: 7,6 %). Med tillegg av tilbakeføringer på 0,2 mill. kr, ble årets disposisjonsbeløp på til sammen 25,2 mill. kr, som ble fordelt til totalt 529 ulike prosjekter. Årsmeldingen viser fordelingen av fondsmidlene gjennom oversikter og søknads- og tildelingsstatistikk for 2002 og foregående år.

\*\*\*

De nye ordningene for tilskudd til markedsføring av kortfilm/dokumentarfilm og til gjenopptagelse og spredning av sceneforestillinger fortsatte gjennom 2002, og avdekker et stort behov for denne typen tilskudd. I årsmeldingen presenterer vi to prosjekter som har fått tilskudd gjennom ordningene.

Øystein Blymke  
Styreleder

## NYOPPSETJING OG SPREIING AV SCENEFRAMSYNINGAR

Blant prosjekta som fekk støtte i 2002 til nyoppsetjing og spreiring av scenefram-syningar, var stykket *August. Some stories about my father's wish*. Stykket er ei poetisk reise – ei utan- og innandørsframsyning der publikum blir ført gjennom ulike land-skap. Framsyninga i Trondheim starta ved Elvebakken skole, og flytta seg langs Nidelva, over ei bru og gjennom eit gammalt fabrikklokale før ho vart avslutta med ein bakgardsfest ved Elvebakken skole. Stykket er sett saman av sekvensar med musikk, dans, video og skuggebilete.

*August* hadde nypremiere 20. august i Trondheim. Stykket har tidligare vore oppført ved Akerselva i Oslo. Francesco Scavetta stod for regien, komponist var Jon Balke og prosjektleiar var Gry Kipperberg.



## MARKNADSFØRING AV FILM OG FONOGRAM

Artisten St. Thomas og produksjonsselskapet Racing Junior var i 2002 blant mot-takarane som fekk støtte til marknadsføring av fonogram. St. Thomas opplevde stor suksess under og i etterkant av Europa-turneen som support for gruppa Lambchop våren 2002. Det alternative plateselskapet Racing Junior jobbar med å etablere seg mot ein internasjonal marknad. Marknadsføringa var retta mot presse og radio i sam-band med turnéen til St. Thomas hausten 2002, til mellom anna New York, Minneapolis, Memphis, Chicago og Washington.



## PRINSIPPA FOR FORDELING AV MIDLA TIL FONDET

Etter § 4 i vedtektene skal styret kvart år i januar foreslå ei hovudfordeling av dei midla som er stilte til disposisjon. Denne hovudfordelinga skal ta utgangspunkt i fire delar: tre delar som har tilknytning til høvesvis opphavsretts-havarar, utøvande kunstnarar og produsentar, og ein del som står til disposisjon for styret. Hovudfordelinga skal godkjennast av Kultur- og kyrkjedepartementet.

### I STYREMØTE 30. JANUAR 2002 VART HOVUDFORDELINGA FASTSETT SLIK:

	2002	2001
Til disposisjon for styret	13,0 %	12,0 %
Til opphavsrettshavarar	29,0 %	29,33 %
Til utøvande kunstnarar	29,0 %	29,33 %
Til produsentar	29,0 %	29,33 %

### DEI MIDLA SOM SKAL HANDSAMAST AV DEI SEKS SEKTORANE I FAGUTVALA, VART FORDELTE SLIK:

	2002	2001
Fonogram/kunstnarar	11,0 %	11,0 %
Musikk	18,0 %	18,0 %
Fonogram/produsentar	17,5 %	17,5 %
Scene	13,5 %	13,5 %
Tekst	8,0 %	8,0 %
Video/film	32,0 %	32,0 %
<b>SUM</b>	<b>100,0 %</b>	<b>100,0 %</b>

Utanom denne sektorfordelinga står 13 % av hovudfordelingsbeløpet til generell disposisjon for styret. Dei frie midla til styret går til tiltak som styret fastset, og til tiltak innanfor verkeområda til fondet som ikkje høyrer naturleg inn under noko einskild fagutval.

## SØKNADER OG TILDELINGAR

### SØKNADER

For året 2002 registrerte fondet i alt 3 373 søknader med ein samla søknadssum på kr 403 661 567. For 2001 var tala 3 460 og 410 076 249. Dette inneber ein reduksjon på 87 søknader, og ein reduksjon av det totale søknadsbeløpet med kr 6 414 682, ulikt fordelt på dei einskilde søknadsomgangane.

### SØKNADENE FORDELTE SEG SLIK

søknads- omgang	2002		2001		Endring i % 2001-2002	
	antal søknader	samla søknadssum	antal søknader	samla søknadssum	søknader	søknadssum
I	1821	222 153 087	1874	209 167 970	- 2,8	+ 6,2
II	1552	181 508 480	1586	200 908 279	- 2,1	- 9,7
<b>SUM</b>	<b>3373</b>	<b>403 661 567</b>	<b>3460</b>	<b>410 076 249</b>	<b>- 2,5</b>	<b>- 1,6</b>

Auke/nedgang i både talet på søknader og i totalt søknadsbeløp er endringar som skjer år om anna. Det var òg i 2002 mange støtteverdige prosjekt som ikkje fekk tilskot.

## SØKNADER OG SØKNADSSUM FORDELTE ETTER FAGUTVAL

Fagutval	2002		2001	
	antal søknader	totalt beløp (avrunda)	antal søknader	totalt beløp (avrunda)
Fonogram kunstnarar	933	67 084 000	940	71 948 000
Musikk	672	45 064 000	725	51 769 000
Fonogram produsentar	451	46 033 000	477	61 734 000
Scene	320	29 330 000	359	36 028 000
Tekst	237	12 929 000	265	16 824 000
Video/Film	603	186 735 000	503	147 974 000
Blanda/tiltak (disp. av styret)	157	16 485 000	191	23 799 000
<b>Sum</b>	<b>3373</b>	<b>403 660 000</b>	<b>3460</b>	<b>410 076 000</b>

## TILDELINGAR

For året 2002 vart det gjeve tildeling til i alt 529 søknader, 56 færre enn førre året.

## TILDELINGANE FORDELTE SEG SLIK

Søknads- omgang	2002		2001		Endring i % 2001-2002	
	antal tildelt	sum tildelt	antal tildelt	sum tildelt	antal tildelt	sum tildelt
I	232	12 396 107	268	15 506 563	- 13,4	- 20,0
II	297	14 227 130	317	15 556 988	- 6,3	- 8,6
<b>SUM</b>	<b>529</b>	<b>26 623 237</b>	<b>585</b>	<b>31 063 551</b>	<b>- 9,6</b>	<b>- 14,3</b>

## TILDELINGAR FORDELTE ETTER FAGUTVAL

Fagutval	2002			2001		
	antal	totalt beløp	i % av sum	antal	totalt beløp	i % av sum
Fonogram kunstnarar	78	2 556 463	11,0	61	3 001 000	11,0
Musikk	122	4 182 794	18,0	199	4 889 236	18,0
Fonogram produsentar	93	4 065 950	17,5	64	4 771 852	17,6
Scene	49	3 136 300	13,5	68	3 668 013	13,5
Tekst	80	1 851 000	8,0	76	2 184 000	8,0
Video/Film	31	7 396 330	32,0	31	8 599 000	31,6
SUM fagutval	453	23 188 837	100,0 (97)	499	27 073 101	100,0 (87,3)
Blanda/andre (til disp. for styret)	763	434 400	13,0 (100)	86	3 990 450	12,8 (100,0)
<b>TOTALT</b>	<b>529</b>	<b>26 623 237</b>		<b>585</b>	<b>31 063 551</b>	

## OPPFØLGING AV PROSJEKT SOM IKKJE ER REGISTRERTE SOM FULLFØRTE

Tilskotsmottakarar har normalt ein frist på to år til å fullføre prosjektet. Ved slutten av denne fristen blir dei som har fått utbetalt første del av tilskotet, tilskrivne og gjort merksame på avslutningsfristen. Middel avsette til prosjekt som etter dette ikkje er blitt fullførte, blir førte attende til fondet saman med avsetjing til prosjekt som ikkje er byrja på. Tilbakeførte middel blir stilte til rådvelde for seinare søknadsomgangar. Styret har i 2002 vedteke å føre attende i alt kr 1 505 485 av midla tildelte for perioden 1997–2001. Dette utgjer 1,04 % av tildelingsbeløpa for desse åra. Beløpet er lagt til disposisjonsbeløpet til fondet i år.


## KLAGEHANDSAMING

Ved kgl. res. av 15. mars 1991 er det med heimel i § 28, 3. ledd i Forvaltningslova avgjort at det ikkje kan klagast til departementet over det faglege kunstnarlege skjønnet. Forskrifta vart gjort gjeldande frå 9. april 1991. Ut frå dette er det berre klagerett til Kultur- og kyrkjedepartementet over feil ved sakshandsaming og bruk av lova.


I 2002 vart det i alt sendt inn 21 klager. Tjue av desse tilfredsstilte ikkje klagegrunnlaget. Éin klage vart sendt vidare til Kultur- og kyrkjedepartementet. Klagen vart ikkje teken til følge.



Totalt antal søknader mot totalt antal tildelingar



Totale søknadsbeløp mot tildelingsbeløp fordelt på fagutval i 2002



## KLASSIFIKASJONAR AV TILDELINGAR I 2002

Styret har fastsett ein nøkkel for å klassifisere tildelingane i dei einskilde fagutvala. Oversikten viser kva typar kunstverk/sjangerar som har motteke tildelingar for 2002, sammenlikna i prosent av tildelingsbeløp frå utvala for 2001 og 2000:

Type produkt/sjanger (ferdig gjennomført)	antal	beløp	i % av tildelingsbeløpet frå utvalet		
			2002	2001	2000
<b>FONOGRAM KUNSTNARAR</b>					
Pop/rock/blues	19	561.463	22	28	39
Jazz	16	540.000	21	20	23
Klassisk	8	290.000	11	10	11
Samtidsmusikk	7	250.000	10	18	9
Viser	12	410.000	16	7	1
Folkemusikk	16	505.000	20	15	15
Country	0	-	0	1	1
Anna/oppleying	0	-	0	1	0
<b>SUM</b>	<b>78</b>	<b>2.556.463</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>
<i>Av dette Barn/ungdom</i>	<i>10</i>	<i>350.463</i>	<i>14</i>	<i>34</i>	<i>6</i>
<i>Av dette Kulturelt mangfald</i>	<i>4</i>	<i>135.000</i>	<i>5</i>	<i>8</i>	<i>5</i>
<b>MUSIKK</b>					
Komposisjon	12	270.200	7	8	13
Turné	51	1.981.888	47	54	41
Konsert	29	862.206	21	18	29
Festivalar	20	806.000	19	16	16
Seminar/kurs	10	262.500	6	4	2
<b>SUM</b>	<b>122</b>	<b>4.182.794</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>
<i>Av dette Barn/ungdom</i>	<i>22</i>	<i>633.000</i>	<i>15</i>	<i>10</i>	<i>6</i>
<i>Av dette Kulturelt mangfald</i>	<i>5</i>	<i>175.000</i>	<i>4</i>	<i>3</i>	<i>5</i>
<b>FONOGRAM PRODUSENTAR</b>					
Pop/rock/blues	43	1.938.450	48	56	63
Jazz	16	675.000	17	12	8
Klassisk	4	185.000	5	5	3
Samtid	2	87.500	2	6	8
Viser	10	445.000	11	7	6
Folkemusikk	6	220.000	5	3	5
Elektronika	11	465.000	11	0	0
Anna	1	50.000	1	11	4
<b>SUM</b>	<b>93</b>	<b>4.065.950</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>
<i>Av dette Barn/ungdom</i>	<i>53</i>	<i>2353.450</i>	<i>58</i>	<i>44</i>	<i>3</i>
<i>Av dette Kulturelt mangfald</i>	<i>2</i>	<i>100.000</i>	<i>2</i>	<i>3</i>	<i>-</i>
<b>SCENE</b>					
Teaterframsyning	27	1.661.300	53	52	39
Danseframsyning	13	780.000	25	34	36
Musikkdramatisk framsyning	4	215.000	7	4	16
Festivalar	3	300.000	9	4	6
Seminar/kurs	2	180.000	6	6	2
<b>SUM</b>	<b>49</b>	<b>3.136.300</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>
<i>Av dette Barn/ungdom</i>	<i>13</i>	<i>795.000</i>	<i>25</i>	<i>17</i>	<i>19</i>
<i>Av dette Kulturelt mangfald</i>	<i>2</i>	<i>140.000</i>	<i>4</i>	<i>15</i>	<i>7</i>

TYPE PRODUKT/SJANGER (ferdig gjennomført)	antal	beløp	i % av tildelingsbeløpet til utvalet		
			2002	2001	2000
<b>TEKST</b>					
Tekstar	15	301.500	16	11	14
Filmmanus	7	1.109.500	60	57	50
Teatermanus	1	238.000	13	30	33
Bok	7	202.000	11	1	3
Seminar/kurs	0	-	0	1	0
<b>SUM</b>	<b>80</b>	<b>1.851.000</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>
<i>Av dette Barn/ungdom</i>	<i>24</i>	<i>528.000</i>	<i>29</i>	<i>18</i>	<i>9</i>
<i>Av dette Kulturelt mangfold</i>	<i>12</i>	<i>327.000</i>	<i>18</i>	<i>15</i>	<i>0</i>
<b>FILM/VIDEO</b>					
Film - fiksjon	10	2.308.770	31	36	27
- dokumentar	14	3.960.060	53	44	49
- videoinstallasjon	1	40.000	1	0	0
Animasjon - fiksjon	2	747.500	10	14	23
Forprosjekt/Anna	4	340.000	5	5	0
<b>SUM</b>	<b>31</b>	<b>7.396.330</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>
<i>Av dette Barn/ungdom</i>	<i>5</i>	<i>1.505.000</i>	<i>20</i>	<i>18</i>	<i>16</i>
<i>Av dette Kulturelt mangfold</i>	<i>3</i>	<i>1.103.470</i>	<i>15</i>	<i>25</i>	<i>0</i>
<b>TIL DISPOSISJON FOR STYRET</b>					
<b>Blanda gruppe</b>					
Multimedia/Installasjonar	6	405.000	36	36	49
Kringkastingsprogram	1	300.000	27	0	0
Utgreiingar	1	75.000	7	5	3
Festivalar/Arrangement	3	212.000	19	10	8
CD-ROM/DVD	0	-	0	26	4
Andre tverrfaglege prosjekt	1	90.000	8	23	1
Seminar/Kurs	0	-	0	0	2
Andre tiltak	1	40.000	3	0	33
<b>SUM</b>	<b>13</b>	<b>1.122.000</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>
<i>Av dette Barn/ungdom</i>	<i>1</i>	<i>90.000</i>	<i>8</i>	<i>25</i>	<i>9</i>
<i>Av dette Kulturelt mangfold</i>	<i>2</i>	<i>100.00</i>	<i>9</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<b>Marknadsføring fonogram og kortfilm/dokumentarfilm og nyoppsetjing og spreiring av sceneframsynningar</b>					
Marknadsføring fonogram	35	929.000			
Marknadsføring film	10	610.800			
Sceneframsynningar	18	772.600			
<b>SUM</b>	<b>63</b>	<b>2.312.400</b>			

## TILTAK RETTA MOT BARN OG UNGE OG KULTURELT MANGFALD

Kultur- og kyrkjedepartementet la til grunn for løyvinga for 2002 at fondet skal medverke til å realisere den nasjonale kulturpolitikken gjennom vektlegging av tiltak som stimulerer utvikling av ein levande barne- og ungdomskultur og den fleirkulturelle dimensjonen.

Styret følgde opp prioriteringa av tiltak retta mot barn og unge og fleirkulturelle tiltak ved at det i utlysningsteksten for søknader vart tilføyd: "Støtteverdige prosjekt for fleirkulturelle tiltak og tiltak for barn og unge vil bli prioriterte". Prosjekt som retta seg mot barn og unge, vart prioriterte i dei ordinære tildelingane, og utgjorde kr 6 255 883 lik 23,5 % av det totale tildelingsbeløpet, mot kr 4 611 013 og 14,9 % for 2001. Prosjekt som retta seg mot fleirkulturelle tiltak i dei ordinære tildelingane, utgjorde kr 2 080 470 lik 7,8 %, mot kr 3 552 501 og 11,6 % i 2001. Auken i andelen prosjekt retta mot barn og unge er i vesentleg grad knytt til fleire søkjarar som tilfredsstilte utvalskriteria, medan det motsette er tilfellet når det gjeld prosjekt som rettar seg mot fleirkulturelle tiltak.

## STØTTE TIL MARKNADSFØRING AV FONOGRAM OG KORTFILM/ DOKUMENTARFILM OG TIL NYOPPSETJING OG SPREIING AV SCENEFRAMSYNINGAR

I 2002 vart omlag to tredelar av avsetjinga til styret brukt til dei nye ordningane som vart sette i gang hausten 2000: "Tilskot til marknadsføring av fonogram og kortfilm/dokumentarfilm" og "Tilskot til nyoppsetjing og spreieing av scene-framsyningar". Gjennom desse ordningane ønskjer styret å styrkje formidlinga av prosjekt som fell innanfor verkeområdet til fondet. I løpet av året mottok styret 102 søknader til desse tiltaka. I alt 2,3 mill. kroner vart tildelte 63 prosjekt. Ordningane er godt mottekne av bransjemiljøa, og innkomne rapportar syner at dei møter eit behov i miljøa.

## STYRET

Styret vart oppnemnd av Kulturdepartementet ved brev av 18.02.2000 for perioden 2000 – 2002, jfr. § 3 i vedtektene.

### SAMMENSETJINGA AV STYRET

Leiar	Øystein Blymke	Oppnemnd etter § 3 i vedtektene
Personleg varamedl.	Harald Olsen	Oppnemnd etter § 3 i vedtektene

### PRODUSENTER

Styremedlem	Jan Paulsen	Innstilt frå Foreningen norske plateselskaper og IFPI Norge
Personleg varamedl.	Gyro Leira	Innstilt frå Foreningen norske plateselskaper og IFPI Norge
Styremedlem (til juni 2001)	Sigve Endresen	Innstilt frå Norske film- og videoprodusenters forening
Personleg varamedl. (til juni 2001)	Turid Øversveen	Innstilt frå Norske film- og videoprodusenters forening
Styremedlem (frå november 2001)	Christian Fredrik Martin	Innstilt frå Norske film- og videoprodusenters forening
Personleg varamedl. (frå november 2001)	Ellen Jacobsen	Innstilt frå Norske film- og videoprodusenters forening

### OPPHAVERSRETTSHAVARAR

Styremedlem	Elsa Kvamme	Innstilt frå Norges kunstnerråd/ Skribentorganisasjonenes Samarbeidsråd
Personleg varamedl.	Eva Sevaldson	Innstilt frå Norges kunstnerråd/ Skribentorganisasjonenes Samarbeidsråd
Styremedlem	Laila Mikkelsen	Innstilt frå Norges kunstnerråd/ Norsk Filmforbund
Personleg varamedl.	Ragnar Bjerkreim	Innstilt frå Norges kunstnerråd/ Norsk Populærautorer (NOPA)

### UTØVANDE KUNSTNARAR

Styremedlem	Grete Valstad	Innstilt frå Norges kunstnerråd/ Norsk Ballettforbund
Personleg varamedl.	Rolv Håan	Innstilt frå Norges kunstnerråd/ Norsk Filmforbund
Styremedlem	Tore Nordvik	Innstilt frå Norges kunstnerråd/ Norsk Musikerforbund
Personleg varamedl.	Maj Liss G. Mydske	Innstilt frå Norges kunstnerråd/ Norsk Musikerforbund

Norsk kulturråd og Fond for utøvande kunstnarar har rett til å møte som observatørar i styremøte med høve til å gjere protokolltilførsjar. Styret har halde ti møte i 2002. Styret har oppnemnt eit arbeidsutval for å førebu saker for styret og handsame einskildsaker etter fullmakt. Arbeidsutvalet har vore sett saman av formannen og to av dei andre medlemmene i styret. Medlemmene blir oppnemnde for eit halvt år av gongen. Desse har sete i arbeidsutvalet: Jan Paulsen og Elsa Kvamme i første halvår, Grete Valstad og Chr. Fr. Martin i siste halvår.

Til å førebu handsaminga av søknader som er vanskelege å plassere under andre fagutval, og søknader utanom dei ordinære søknadsomgangane, har styret eit eige utval på to personar, oppnemnt blant styremedlemmene for eit halvt år av gongen. Grete Valstad og Tore Nordvik har utgjort utvalet i første halvår, Laila Mikkelsen og Jan Paulsen i siste halvår.

Til å førebu handsaminga av søknader for tiltaka marknadsføring av fonogram og kortfilm/dokumentarfilm og til nyoppsetjing og spreing av sceneframsyningar, har styret tre eigne utval på to personar, oppnemnte blant medlemmene i styret. Tore Nordvik og Jan Paulsen har sete i utvalet for marknadsføring av fonogram. Laila Mikkelsen og Chr. Fr. Martin har sete i utvalet for marknadsføring av kortfilm/dokumentarfilm. Grete Valstad og Elsa Kvamme har sete i utvalet for nyoppsetjing og spreing av sceneframsyningar.

## FAGUTVAL

Ved oppnemninga av fagutvala har organisasjonane forslagsrett. Fagutvala blir oppnemnte av styret på sjølvstendig grunnlag for eitt år av gongen. Kulturdepartementet oppmoda styret i brev av 08.02.1996 om å styrkje distriktsprofilen ved oppnemninga av fagutval for å motverke den sterke Oslo-dominansen i det departementsoppnemnte styret. Styret prøvde å vektleggje distriktsfordelinga spesielt ved sammensetjinga. Samtidig vart det understreka overfor organisasjonane at § 21 i Likestillinglova om forslag på både mannlege og kvinnelege kandidatar skal takast i vare.

### ARBEIDET I FAGUTVAL

Ved sida av å stille krav til kunstnarleg kvalitet, har styret gjeve nokre generelle kriterium som fagutvala bør halde seg innanfor i innstillinga si til styret. Styret har òg vedteke at den kulturpolitiske delen av siktemåla til fondet skal syne att i tildelingane.

Retningslinene til fagutvala lyder slik:

- Vurderinga til fagutvala skal vere basert på kunstnarleg skjønn.
- I tråd med vederlagstanken skal midla særleg kome dei gruppene til gode som er utsette for privatkopiering.
- I tråd med kulturpolitiske mål skal støtta fremje ny norsk produksjon og framføring.
- Støtta skal vere prosjektorientert.
- Ein skal prøve å oppnå ei spreing mellom ulike sjangrar.

Desse kategoriane får ikkje støtte:

- a) Studiereiser og andre reisestipend og utgifter til utdanning
  - b) Innkjøp og drift av utstyr og instrument
  - c) Desse kunstformene:
    - Måleri
    - Teikningar
    - Grafikk
    - Skulptur
    - Bygningskunst
    - Bilettev
    - Kunsthandverk
    - Kunstindustri
  - d) Driftsstøtte til institusjonar, organisasjonar, lag, grupper og tilsvarande
  - e) Produksjonar med utanlandske ansvarlege
  - f) Teikneseriar
- Ein gjev normalt ikkje støtte til prosjekt i regi av offentlege etatar eller institusjonar, søkjarar med offentleg driftsstøtte og søkjarar med offentleg grunnfinansiering.

I retningslinene for arbeidet til fagutvala er det fastsett at fagutvala kan, og bør, bruke konsulent om ein står overfor samiske eller framandspråklege søknader, eller om søknaden på annan måte føreset ein fagleg kompetanse som ikkje er representert i fagutvalet.

## FAGUTVAL OPPNEMNT FOR FØRSTE SØKNADSRUNDE I 2002

### FONOGRAM/KUNSTNARAR

Helle Stensbak	NM	vara:	Ole Bøhn	NM
Bugge Wesseltoft	NOPA	vara:	Ragnhild Berstad	NKF
Jan Eggum	GF	vara:	Tove Karoline Knutsen	GF

### MUSIKK

Knut Starheim	NM	vara:	Frøydis Ree Wekre	NM
Frode Alnæs	NOPA	vara:	Elbjørg Raknes	NOPA
Kari Beate Tandberg	NKF	vara:	Henrik Ødegard	NKF
Merete Trøan	GF	vara:	Odd-René Andersen	GF

### FONOGRAM/PRODUSENTAR

Lena Midtveit	IFPI	vara:	Svein Bjørge	IFPI
Hege Imerlund	FONO	vara:	Anne Kjelkenes	FONO
Erik Brataas	FONO	vara:	Inger Dirdal	FONO

### SCENE

Trine Thorbjørnsen	NBF	vara:	Carol A. Skåra	NBF
Kenneth Dean	DT	vara:	Karls Bomann-Larsen	SK
Liv Aakvik	ND	vara:	Erling Kittelsen	ND

### TEKST

Anne Helene Søyseth	SSU	vara:	Rune Belsvik	SSU
Maria F. Warsinski	NFR	vara:	Marit Hoem Kvam	NOPA
Knut Erik Jensen	NFF	vara:	Eva Isaksen	NFF

### VIDEO/FILM

Lars Skorpen	NFF	vara:	Axel Hellstenius	ND
Eystein Hanssen	NFTPF	vara:	Dag Vidar Haugen	NFTPF
Nathilde O. Rapp	NFR	vara:	Lene Teigen	ND

Organisasjonstilknyttinga til representantane er merkt:

DT	– Danse- og Teatersentrum
FONO	– Foreningen Norske Plateselskaper
GF	– Grammofonartistenes Forening
IFPI	– IFPI Norge
NBU	– Norske Barne- og Ungdomsbokforfattere
ND	– Norske Dramatikeres Forbund
NDA	– Norske Dansekunstnere
NFF	– Norsk Filmforbund
NFFO	– Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening
NFR	– Norske filmregissører
NFTPF	– Norske Film- og TV-produsenters forening
NKF	– Norsk Komponistforening
NM	– Norsk Musikerforbund NOPA – Norske Populærautorer
NOS	– Norske Scenografer
NR	– Norsk Rockforbund
SI	– Norske Sceneinstruktørforening SK – Norsk Skuespillerforbund
SSU	– Skribentorganisasjonenes samarbeidsutvalg

## FAGUTVAL OPPNEMNT FOR ANDRE SØKNADSRUNDE I 2002

### FONOGRAM/KUNSTNARAR

Kristin Skaare	NM	vara:	Tom O. Andreassen	NM
Bugge Wesseltoft	NOPA	vara:	Odd Nordstoga	NOPA
Inge-Lise Størksen	GF	vara:	Henrik Ødegaard	NKF

### MUSIKK

Ole Bøhn	NM	vara:	Knut Starheim	NM
Eldbjørg Raknes	NOPA	vara:	Tøre Brunborg	NOPA
Helge Sunde	NKF	vara:	Ragnhild Berstad	NKF
Merete Trøan	GF	vara:	Ketil Stokkan	GF

### FONOGRAM/PRODUSENTAR

Lena Midtveit	IFPI	vara:	Per Eirik Johansen	IFPI
Knut Bøhn	FONO	vara:	Anne Kjellenes	FONO
Stine Farstad	FONO	vara:	Gustav Nilsen	FONO

### SCENE

Tone Westad	NDA	vara:	Ina Guro Moen	NDA
Rune Temte	SK	vara:	Yngve Seterås	SK
Kristin Eriksen Bjørn	DT	vara:	Sturla Rongstad	NOS

### TEKST

Rune Belsvik	SSU	vara:	Anne Helene Søyseth	SSU
Maria F. Warsinski	NFR	vara:	Jens Lien	NFR
Gunnar Roalkvam	NOPA	vara:	Kaia Huuse	NOPA

### VIDEO/FILM

Evald Otterstad	NFR	vara:	Vibeke Ringen	NFR
(trekt)	NFTPF	vara:	Else-Marie Stolt-Nielsen	NFTPF
Lene Therese Teigen	ND	vara:	Eirik Idahl	ND

## SEKRETARIATET

Sekretariatet har i første rekkje som arbeidsoppgåve å registrere og sørgje for all praktisk handsaming av søknadene. Sekretariatet skal dessutan utføre sekretærfunksjonar for styret, arbeidsutvalet og fagutvala. Sekretariatet følgjer opp fondstildelingane gjennom utbetaling og kontroll av rapportar og rekneskap, og tek seg av andre administrative rutinar. Sekretariatet er administrativt tilknytt Norsk kulturråd. I administrasjonen for rådet er det assisterande direktør Guri Skjeldal, seniorkonsulent Ole K. Richenberg og førstekonsulent Karin Krok som har eit særleg ansvar for sakene til fondet. I tillegg blir ekstrahjelp engasjert på deltid.



# FORSKRIFT OM TILSKOT FRÅ FOND FOR LYD OG BILETE

Fastsett av Kulturdepartementet (no Kultur- og kyrkje-departementet) 19. januar 1999 med heimel i budsjettvedtaket til Stortinget for 1999. Endra 15 juni 2001 nr. 709, 14 mai 2002 nr. 475 (bl.a. tittel).

## § 1. Føremålet med tilskot frå Fond for lyd og bilete (FLB) og økonomisk ramme

Fondet er oppretta for å gje rimeleg godtgjersle til opphavsrettshavarar for lovleg kopiering til privat bruk som skjer frå videogram og fonogram, og for å fremje produksjon og formidling av innspelningar i lyd og/eller bilete.

Midla til fondet skal nyttrast

- til beste for norske opphavsrettshavarar og utøvande kunstnarar som bur og hovudsakleg har virket sitt i Noreg, og
- til støtte til produksjon og formidling av fonogram (grammofonplater og lyd-kassetar) og videogram (videokassetar og videoplater) innspelte i Noreg, helst med utøvande kunstnar som nemnt over og/eller produsent som hovudsakleg har virket sitt i Noreg.

Dei økonomiske rammene for ordninga blir fastsette av Stortinget kvart år gjennom budsjettvedtaket.

Endra ved forskrift 14 mai 2002 nr. 475

## § 2. Målgruppe for ordninga

Målgruppe for støtte er:

- opphavsmenn (komponistar, skjønn- og faglitterære forfattarar, regissørar m.m.)
- utøvande kunstnarar (musikarar, vokalistar, skodespelarar, dansarar, ensemble m.m.)
- produsentar (plateselskap og video-/filmprodusentar)
- andre opphavsrettshavarar (til dømes fotografar)

## § 3. Kva kan det søkjast om støtte til

Det kan søkjast om støtte til:

- fonogram
- turné
- konsert
- komponering
- dans
- teater
- opera
- tekst til musikk
- manusskriving for teater og film/video
- andre former for tekstproduksjon
- film-/videoproduksjon
- foto
- multimedia.

## § 4. Søknadsfrist og kunngjering

Søknadsfristane er 1. februar og 1. september kvart år. Styret for FLB skal kunngjere tilskotsordninga til fondet i eit utval av dagsavisene i god tid før søknadsfristane.

Kunngjeringa skal innehalde:

- Føremåla til fondet
- dei krava som gjeld for å kunne søkje i tråd med målgruppa for tilskotet
- opplysningar om at søknaden skal sendast på fastsett søknadsskjema og vere vedlagd konsentrert prosjektskildring, kostnadsoverslag og finansieringsplan
- opplysningar om eventuelle prosjekt som skal prioriterast i høve til prioriteringane det gjeldande året
- informasjon om kor søkjarar kan få søknadsskjema og meir informasjon
- søknadsfrist

Endra ved forskrift 14 mai 2002 nr. 475

## § 5. Krav til søknaden

Innkomne søknader skal vere skrivne på fastsett søknadsskjema, vere daterte og underteikna. Av søknadsskjemaet framgår dei krava som gjeld for søknaden. Alle naudsynte vedlegg skal følgje søknaden. Endra ved forskrift 15 juni 2001 nr. 709 (i kraft 29 juni 2001)

## § 6. Søknadshandsaming

Innkomne søknader skal registrerast i ein database i sekretariatet. Sekretariatet skal gjennomgå alle søknader før desse blir sende til fagutvala i tråd med «Retningsliner for plassering i fagutval».

Til hjelp i arbeidet med å handsame søknadene etter retningsliner som er nedfelte i vedtektene for FLB, har styret oppretta seks fagutval, for høvesvis fonogramkunstnarar, musikk, fonogramprodusentar, scene, tekst og film/video. Arbeidet i fagutvala skal skje etter nærare fastsette retningsliner som styret vedtek.

Fagutvala skal i det første møtet sitt kontrollere at søknadene er plasserte i rett utval. Vedlagt søknadene skal det vere utskrift frå databasen over søknader som er registrerte i fagutvalet. Dersom søknader er feilplasserte eller det blir oppdaga eventuelle feilregistreringar, skal fagutvala umiddelbart gje varsel til sekretariatet for oppretting av feil og oversending av søknadene til rett fagutval.

Fagutvala skal handsame søknadene i tråd med «Retningsliner for arbeid i fagutval».

Tilskot frå fondet blir fastsett av styret, etter innstilling frå fagutvala og etter ei samla vurdering, og blir gjevne som eit rundsumtilskot.

Sekretariatet svarer alle søkjarane med brev om vedtaket til styret.

Endra ved forskrift 14 mai 2002 nr. 475.

## § 7. Tildelingskriterium

Tildelingane skal byggje på ei heilskapsvurdering av dei innkomne søknadene. Kvalitetskriterium skal leggjast til grunn for vedtaket. Det skal blant anna leggjast vekt på desse momenta:

- Vurderingane skal vere baserte på kunstnarleg skjønn.
- I tråd med vederlagstanken skal midla særleg kome dei gruppene til gode som er utsette for privatkopiering.
- I tråd med kulturpolitiske mål skal støtta fremje ny norsk produksjon og framføring.
- Støtta skal vere prosjektorientert.
- Ein skal prøve å oppnå ei spreing mellom ulike sjangrar.
- Det bør leggjast vekt på ei geografisk spreing av støtta.

## § 8. Høve til å klage

Vedtaka fatta av FLB kan påklagast til Kultur- og kyrkjedepartementet, men ikkje når det gjeld faglege, kunstnarlege skjønn, jfr. forskrift om unntak frå høvet til å klage over vedtak i Norsk kulturråd, Norsk kassetavgiftsfond og Utvalet for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar, av 20. november 1987 nr. 924.

Klager skal sendast til FLB innan tre veker etter at vedtaket har kome fram til søkjaren.

Endra ved forskrift 14 mai 2002 nr. 475.

## § 9. Tilsegnsbrev

Innvilga støtte skal stadfestast med tilsegnsbrev.

Tilsegnsbrevet skal innehalde desse opplysningane:

- namn og adresse til mottakaren
- tilskotsbeløp
- kva slags tiltak midla kan nyttast til
- Krav om at prosjektet må gjennomførast i sin heilskap i samsvar med søknaden og eventuelle andre føresetnader som ligg til grunn for tildelinga
- utbetalingstidspunkt og utbetalingsrutinar – under dette om søkjaren sin forespørsel om utbetaling må liggje føre på fastsett skjema
- utbetalingstidspunkt og utbetalingsrutinar – under dette rekneskap stadfesta av revisor
- krav til oppbevaring av rekneskapsdata og dokumentasjon for faktiske opplysningar som ligg til grunn for tildelinga
- krav om skriftleg søknad om utsetjing dersom eit prosjekt blir seinka i gjennomføringa
- atterhald om at gjeven tilsegn fell bort og krav om attendebetaling av allereie utbetalt tilskot dersom prosjektet ikkje er fullført innan gjennomføringsfristen
- atterhald om at gjeven tilsegn fell bort og krav om attendebetaling av allereie utbetalt tilskot dersom mottaker gjev urette opplysningar eller ikkje brukar tilskotet i samsvar med fastsette villkår
- atterhald om kontrollretten til FLB, Kultur- og kyrkjedepartementet og Riksrevisjonen.

Tilsegnsbrevet skal vere underteikna av den som har budsjett disponeringsansvar/tilvisingsfullmakt.

Endra ved forskrift 14 mai 2002 nr. 475

#### **§ 10. Bortfall av tilskot/krav om attendebetaling**

Dersom prosjektet ikkje er fullført innan gjennomføringsfristen eller i samsvar med føresetnadene for tildelinga, skal gjevne tilskot førast attende til fondet.

Dersom tilskotsmottakaren må betale attende for mykje utbetalt beløp, eller dersom allereie utbetalt tilskot blir kravd attendebetalt fordi føresetnadene for tilskotet er brotne, skal det sendast eit brev til tilskotsmottakaren og utarbeidast purreutinar som sikrar at attendebetalinga blir gjennomført.

#### **§ 11. Utbetaling av tilskot – krav til rapportering**

Utbetaling av tilskot skjer normalt med 50% av støttebeløpet ved prosjektstart, og dei siste 50% ved slutføring. Sekretariatet kan utbetale etter andre prosentsatsar i tråd med retningslinene til styret. Utbetaling skal berre skje etter at mottakaren skriftleg har akseptert vilkåra for tildelinga.

Før restbeløpet eller støtta i sin heilskap kan utbetalast, må søkjaren ha sendt inn eit eksemplar av det ferdige produktet eller ei anna form for stadfesting på at prosjektet er fullført.

Dokumentasjon frå tilskotsmottakar skal registrerast og oppbevarast i sekretariatet.

Det skal førast rekneskap for prosjekt som er tildelte støtte. Rekneskapen skal vere underskriven og leggjast fram før siste del av midla blir utbetalte. For støttebeløp over kr 100 000 skal rekneskapen vere revidert av registrert eller statsautorisert revisor.

#### **§ 12. Oppfølging og kontroll**

Sekretariatet skal utføre ein generell formaliakontroll av rapportane, og sjå etter at dei er rimelege. Det vil seie å kontrollere at desse er daterte og signerte og at talmaterialet ikkje verkar usannsynleg. Dersom det er vesentlege uklare tihøve i rapporteringa, må tilskotsmottakar gje ei nærare reiegjering.

Det skal som stikkprøvekontroll gjerast ei vurdering av rekneskapen mot budsjett og finansieringsplan, for blant anna å kontrollere at statstilskotet sin del av planlagd finansiering stemmer overeins med faktisk del.

FLB, Kultur- og kyrkjedepartementet og Riksrevisjonen kan kontrollere at tilskot frå FLB blir nytta etter føresetnadene, jf. Stortinget sitt løyvingsreglement § 17. Føresegna har følgjande ordlyd:

«Når det av statsmidler ytes tilskudd eller bidrag til offentlig eller privat virksomhet som ellers ikke er undergitt departementets kontroll, skal det, hvis ikke annet bestemmes, overfor mottakeren tas forbehold om adgang for den forvaltningsgren som yter bidrag eller tilskudd, og for Riksrevisjonen, til å iverksette kontroll med at midlene nyttes etter forutsetningene.»

Endra ved forskrift 14 mai 2002 nr. 475

#### **§ 13. Rapport frå FLB**

Styret for FLB gjev melding til departementet og opphavsrettshavarorganisasjonane om førre års verksemd innan fastsett frist kvart år.

Endra ved forskrift 14 mai 2002 nr. 475

#### **§ 14. Iverksetjing**

Forskrifta trer i kraft frå kunngjeringsstidspunktet.

# VEDTEKTER FOND FOR LYD OG BILETE

Fastsett av Kultur- og vitskapsdepartementet den 10. november 1982 med endringar fastsette av Kulturdepartementet den 4. mai 1994 og 25. september 1996.

## 1. Føremål

Fondet er oppretta for å gje rimeleg godtgjersle til opphavsrettshavarar som bur og hovudsakleg har virket sitt i Noreg for den lovlege kopieringa til privat bruk som skjer frå videogram og fonogram, og for å fremje produksjon og formidling av innspelningar i lyd og/eller bilete gjort i Noreg av produsent som hovudsakleg har virket sitt i Noreg. Midla til fondet skal nyttast til beste for norske opphavsrettshavarar og utøvande kunstnarar som bur og hovudsakleg har virket sitt i Noreg, og til støtte til produksjon og formidling av fonogram (grammofonplater og lyd-kassetar) og videogram (videokassetar og videoplater) innspelte i Noreg, helst med utøvande kunstnar som nemnt over og/eller produsent som hovudsakleg har virket sitt i Noreg.

Midla til fondet kan ikkje overførast til andre organisasjonar til forvaltning.

## 2. Midla til fondet

Midla til fondet blir løyvde av Stortinget og forvalta av Finansdepartementet.

## 3. Styret

Styret til fondet består av sju medlemmer med personlege varamedlemmar, som blir oppnemnde av Kulturdepartementet.

Seks av medlemmene med varamedlemmar blir oppnemnde etter innstilling frå opphavsrettsorganisasjonane.

Fire av desse medlemmene med varamedlemmar blir innstilte av Norges Kunstnerråd i samråd med vedrørte opphavsrettshaver- og kunstnarorganisasjonar som ikkje er representerte i rådet, av desse to representantar med vararepresentantar for opphavsrettshavarar og to representantar med vararepresentantar for utøvande kunstnarar.

To av medlemmene med varamedlemmar blir innstilte av produsentorganisasjonane International Federation of Phonogram and Videogram Products, Norske Uavhengige Fonogram-produsenters Forening og Norske Film- og Videogramprodusenters Forening.

Styremedlemmer og varamedlemmar blir oppnemnde for tre år. Styreformannen blir oppnemnd av Kulturdepartementet.

Styret er avgjerdsdyktig når minst fem av medlemmene med varamedlemmar er til stades. Ved likt røystetal har styreformannen dobbelrøyst. Kulturdepartementet kan gje nærare reglar for arbeidet til styret.

Styremedlemmene blir honorerte etter satsane til statsregulativet. Kostnadene ved arbeidet til styret og administrasjonen til fondet blir dekte med fondsmidla. Norsk Kulturråd og Fond for utøvande kunstnarar har rett til å møte som observatørar i styremøta med høve til å gjere protokolltilførsler.

## 4. Arbeidet til styret

Styret gjev innstilling om og disponerer fondsmidla etter fullmakt, og har ansvaret for administrasjonen av fondet.

Styret foreslår kvart år i januar ei hovudfordeling av dei midla som er stilte til disposisjon. Hovudfordelinga skal ta utgangspunkt i ei deling av midla i fire delar. Ein del blir sett av og disponert av styret på fritt grunnlag, medan dei andre delane blir avsette til føremål som har tilknytning til høvesvis opphavsrettshavarar, utøvande kunstnarar og produsentar. Hovudfordelinga blir fastsett av departementet.

Styret kan før tildelinga si av middel be om innstilling frå faglege utval, samansette av representantar for dei tre opphavsrettsgruppene.

Styret gjev melding til departementet og opphavsrettshavarorganisasjonane om verksemda førre år innan 31. mars kvart år. Meldinga blir lagt fram for Stortinget.

Styret kan innanfor ramma som er trekt opp i § 1, vedta retningslinjer om avgrensing mot kunstformer, mottaksgrupper og prosjektgrupper som fell utanfor føremåla til fondet. Retningslinjene skal leggest fram for Kulturdepartementet for godkjenning.

## 5. Administrasjon av fondet

Styret tilset sekretær i bistilling. Departementet kan gje nærare retningslinjer for administrasjonen av fondet.

## 6. Vedtektsendringar

Fondsvedtektene kan endrast av Kulturdepartementet etter føregående drøftingar med vedrørte organisasjonar og etter at styret har uttalt seg.

# RETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL NYOPPSETJING OG SPREIING AV SCENEFRAMSYNINGAR

## 1. Innleiing og økonomiske rammer

Styret i Fond for lyd og bilete har sett av middel til prosjektstøtte for nyoppsetjing og marknadsføring av sceneframsyningar som fell innanfor formålet og målgruppa til fondet, jf forskrift om Fond for lyd og bilete §§ 1–3. Avsetjinga blir gjort i den delen av fondet som står til fri disposisjon for styret i tråd med hovudfordelinga som er godkjend av Kultur- og kyrkjedepartementet.

## 2. Føremål

Å fremje spreiiing innanlands og utanlands av ikkje-institusjonelle sceneframsyningar.

## 3. Kven kan søkje

Kunstnarar/produsentar som bur og hovudsakleg har virket sitt i Noreg.

## 4. Kva kan ein søkje om tilskot til

Nyoppsetjing og marknadsføring av allereie produserte sceneframsyningar med kunstnar og/eller produsent som bur og i hovudsak har virket sitt i Noreg. Framsyninga må ha hatt premiere ikkje meir enn tre år før søknadstidspunktet. Det skal liggje føre konkrete planar for gjennomføring, normalt innan eitt år frå søknadstidspunktet.

## 5. Tildelingskriterium

Det er ein føresetnad at framsyninga har høg kunstnarleg kvalitet, og at ho fortsatt blir vurdert å ha publikumspotensial. Det blir lagt vekt på at støtta vil bidra til å få framsyninga til nye spelestader.

## 6. Krav til søknaden

Søknaden skal innehalde projektskildring og budsjett for nyoppsetjing/marknadsføring og intensjonsavtale med spelestad/arrangør. Det må sendast inn dokumentasjon som gjer det mogleg å vurdere den kunstnarlege kvaliteten til framsyninga.

## 7. Søknadshandsaming

Styret fattar vedtak etter innstilling frå eit underutval oppnemnt blant medlemmene i styret.

## 8. Kunnigjering og søknadsfrist

Tilskotsordninga blir utlyst i dagspressa. Det er ingen søknadsfrist.

## 9. Om høve til å klage mv.

Om høve til å klage, tilsegnsbrev, bortfall av tilskot/krav om attendebetaling, utbetaling av tilskot – krav til rapportering, oppfølging og kontroll, sjå forskrift om tilskot frå Fond for lyd og bilete §§ 8–12.

# RETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL MARKNADSFØRING AV FONOGRAM OG KORTFILM/DOKUMENTARFILM

## 1. Innleiing og økonomiske rammer

Styret i Fond for lyd og bilde har sett av middel til prosjektstøtte for marknadsføring av fonogram og kortfilm/dokumentarfilm med opphavsrettshavarar og kunstnarar som nemnd i § 1 i forskrift om Fond for lyd og bilete. Avsetjinga blir gjort i den delen av fondet som står til fri disposisjon for styret i tråd med hovudfordeling godkjend av Kultur- og kyrkjedepartementet.

## 2. Formål

Å fremje sal og spreing innanlands og utanlands av norskproduserte fonogram og kortfilm/dokumentarfilm eller andre typar audiovisuelle produkt.

## 3. Kven kan søkje

Produsentar eller andre med tilsvarende fullmakter og ansvar i høve til det ferdige produktet.

## 4. Kva kan ein søkje om tilskot til

Marknadsføringsprosjekt som gjeld allereie produsert fonogram/film.

## 5. Tildelingskriterium

Det blir føresett høg kunstnarleg kvalitet på produktet som skal marknadsførast. Marknadsføringsprosjektet blir vurdert i høve til produkt og målgruppe.

## 6. Krav til søknaden

Søknaden skal innehalde projektskildring og budsjett for marknadsføringa. Det blir ikkje brukt søknadsskjema. Ein må sende inn ferdig produkt eller dokumentasjon som gjer det mogleg å vurdere den kunstnarlege kvaliteten på produktet.

## 7. Kunngjering og søknadsfrist

Tilskotsordninga blir utlyst i dagspressa. Det er ingen søknadsfrist.

## 8. Søknadshandsaming

Det blir oppnemnt eit underutval blant styremedlemmene for søknader om prosjektstøtte til marknadsføring av fonogram og eit underutval for søknader om prosjektstøtte til marknadsføring av film. Innkomne søknader blir handsama fortløpande. Styret fattar vedtak etter innstilling frå underutvala.

## 9. Om høve til å klage mv.

Om høve til å klage, tilsegnsbrev, bortfall av tilskot/krav om attendebetaling, utbetaling av tilskot – krav til rapportering, oppfølging og kontroll, sjå forskrift om tilskot frå Fond for lyd og bilete §§ 8–12.





Fond for lyd og bilde  
Grev Wedels plass 1, 0151 Oslo  
Tlf: 22 47 83 30  
Faks: 22 33 40 42  
[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)